



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

15/411

SVEINUNG



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 30.04.2015
Vår ref.: 201502028-3
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Anette Ødegård
22959269/anod@nve.no

132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk–Frøyset transformatorstasjon. Høring av konsesjonssøknad og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Zephyr AS for å bygge ein ny 132 kraftleidning frå planlagde Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune i Sogn og Fjordane til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune i Hordaland fylke.

Zephyr fekk den 30. september 2013 konsesjon frå NVE for Dalsbotnfjellet vindkraftverk. Samstundes fekk Statkraft Agder Energi Vind DA (SAE Vind) konsesjon til Brosviksåta vindkraftverk. Zephyr og SAE Vind samarbeidde om ei felles nettløysing, og SAE Vind fekk konsesjon til ein 132 kV kraftleidning frå Brosviksåta transformatorstasjon til Frøyset transformatorstasjon. I 2014 trakk SAE Vind sitt prosjekt, og Zephyr søker difor om ei eiga nettløysing for Dalsbotnfjellet vindkraftverk. Konsesjonen for Dalsbotnfjellet vindkraftverk er påklaga og vert handsama i Olje- og energidepartementet.

Zephyr søker om ein 19 km lang luftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk og sørover til Frøyset transformatorstasjon. Leidningen vil i hovudsak gå langs dalsidene eller gjennom skogsområde. Kryssinga av Austgulfjorden er planlagd med luftspenn.

Zephyr søker om konsesjon i medhald av energilova. Zephyr søker også om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å bygge og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Zephyr om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Gjennom høring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

NVE vil, som tidligare avtalt, halde orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter på Vidsyn i Sløvåg onsdag 10. juni kl. 12.00. Vi håpar på brei deltaking både frå politisk leing og

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker.

Representantar frå Fylkesmannen og fylkeskommunen er med dette invitert til møtet. NVE vil orientere om handsaminga av søknaden. Zephyr vil vere representert og orientere om planane.

NVE held òg offentleg møte onsdag 10. juni kl. 19.00. Møtet finn stad på Vidsyn i Sløvåg.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/kraftledninger.

Skjema for fråsegner kan finnast på våre nettsider. Fråsegner kan også sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner må sendast til NVE **innan 29. juni**.

Informasjon til kommunane:

Til kommunane er to eksemplar av søknaden vedlagde. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kommunen til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, utlegging til offentleg ettersyn og det offentlege møtet i aktuelle aviser. Vedlagt følgjer også fem oppslag om det offentlege møtet, og vi ber om at kommunen heng opp desse på servicetorg, bibliotek, nærbutikk og liknande. Vi ber vidare kommunen leggje ut søknaden og informasjon om det offentlege møte på sine nettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg
seksjonssjef

Anette Ødegård
rådgivar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Til kommunen: To eksemplar av søknad og fem plakatar

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Gulen kommune
Hordaland fylkeskommune
Masfjorden kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi til::

Zephyr AS